

Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/4102-3

Rekneskap 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget slikt vedtak:**

1. Avsettinga til ubunde disposisjonsfond i investeringsrekneskapen på kr 366 314 538,00 vert godkjent.
2. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2018 som syner;
 - a. kr 2 274 800 559,82 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 56 505 741,46, vert godkjent.
 - b. kr 1 080 842 140,12 i finansieringsbehov i investeringsrekneskapen og eit udekk/udisponert beløp på kr 0,00, vert godkjent.
3. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2018 på kr 56 505 741,46 vert avsett til bufferfondet.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Rekneskap 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vedlegg 2: Uttale kontrollutvalet rekneskap for 2018 Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

Rekneskapen for 2018 følgjer som vedlegg 1. I vedlegget ligg også revisjonsmelding for 2018 frå SF Revisjon IKS, datert 15.04.2019. Kontrollutvalet gav uttale til rekneskapen 06.05.2018, jf. vedlegg 2. Det vert elles vist til sak om godkjenning av årsrapport 2018 som er til handsaming i same møte.

Ved oversending av rekneskapen til revisjonen sende fylkesrådmannen ut slik pressemelding:

Fylkesrådmannen har lagt fram fylkeskommunen sin rekneskap for 2018. God budsjett disiplin og god økonomistyring gjev eit overskot på 56,5 millionar kroner. Det er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat vert nytta som indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune eller kommune har. For fylkeskommunane er det tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). Netto driftsresultat 2018 for vår fylkeskommune er på 195,9 millionar kroner, noko som utgjer 5,9 prosent av samla driftsinntekter.

Budsjettstyring

I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Ordinære løyvingar er styrbare løyvingar, der fylkeskommunen i stor grad skal ha kontroll på sluttresultatet.

For dei styrbare løyvingane har fylkeskommunen som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjett disiplin vert difor ikkje alle budsjettpostar nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd. Det gjev mindre innsparingar på ein god del postar. Dette er ei hovudforklaring på at vi kjem ut med ei netto innsparing på 30,3 millionar kroner på sektornivå i 2018. Fylkesrådmannen er nøgd med at alle sektorane har eit positivt nettoresultat.

Fellesinntekter og -utgifter

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad ikkje styrbare-løyvingar. Samla fekk vi i 2018 ei netto meirinntekt/innsparing her på 26,2 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene og utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2018. På desse to inntekstpostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 10,0 mill. kr (0,42 prosent). Vidare har vi meirinntekter knytt til

- premieavvik, pensjon etc. på 9,5 mill. kr
- kapitalinntekter/kapitalutgifter på 6,8 mill. kr.

Sektornivået

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto utgiftsramme på vel 2,3 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 30,3 mill. kr har sektorane våre, sett under eitt, ei budsjettgjennomføring på om lag 98,5 prosent. Dette meiner fylkesrådmannen er svært bra.

Forvaltning står for 5,1 mill. kr av denne innsparinga. Dei største postane med mindreforbruk er politisk styring/kontrollutval (1,4 mill. kr), administrasjon og administrasjonslokale (1,2 mill. kr), diverse tilskot og fellesutgifter (2,0 mill. kr) og lokal og regional utvikling (0,5 mill. kr).

Opplæring har eit samla mindreforbruk på 17,9 mill. kr i 2018. Dei største postane med mindreforbruk er utgifter til lokale (3,8 mill. kr), utdanningsprogramma (5,3 mill. kr) og tilpassa opplæring (4,1 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er opplæring i bedrift (4,4 mill. kr). Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane har eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 0,1 mill. kr i høve budsjett 2018. Skulane har resultatoverføring (til 2019) og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Tannhelse har ei innsparing på 3,1 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2019) og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultatet.

Næring og kultur har samla eit netto mindreforbruk på 1,0 mill. kr, alt innan kulturområdet.

Samferdsle har eit samla netto mindreforbruk på 6,3 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegferjer (2,8 mill. kr), bilruter (1,7 mill. kr) og fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (1,3 mill. kr).

Fylkesveg – drift og vedlikehald – har eit mindreforbruk på 36,8 mill. kr som vert overført til bruk seinare år. Dette påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

Revisjonsmelding

SF Revisjon IKS har i sin uttale til årsrekneskapen 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune konkludert med atterhald. Revisor skriv følgjande om grunnlaget for konklusjon med atterhald:

«Grunnlag for konklusjon med atterhald

Med visning til rekneskapsskjema 2A og økonomisk oversikt-investering, er det avsett kr 370 623 477,- til disposisjonsfond i investeringsrekneskapen. Av dette høyrer kr 366 314 538,- til dei avsluttande overføringane av verdiar knytt til avvikling av selskapet F1 Holding AS som var 100 % eigd av fylkeskommunen. Etter vår meining ligg det ikkje føre budsjettvedtak for ei slik finansiering som dermed er i strid med retningslinjene i forskrift om årsbudsjett §15 tredje ledd, som seier at endring av årsbudsjett ikkje kan utførast etter utløpet av budsjettåret. Følgeleg ville investerings-rekneskapen vore gjort opp med eit udisponert beløp på kr 366 314 538,-»

Uttale kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i sin uttale til rekneskapen, handsama i 06.05.2018, gjenteke revisor sitt avsnitt om grunnlag for konklusjon med atterhald, utan å kommentere det nærmare. Avslutningsvis konkluderer dei slik:

«Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmelding datert 15.april 2019, har kontrollutvalet ikkje merknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018»

Vurderingar i høve revisor sitt atterhald

Fylkesrådmannen vil nytte høve til å skrive noko om kvifor denne fondsavsettinga har blitt gjort i rekneskapen. Dette er, som revisjonen skriv, pengar fylkeskommunen fekk i 2018 som følgje av avviklinga av F1 Holding AS. I samband med denne avviklinga overtok fylkeskommunen selskapet sine aktiva og passiva, som bestod av både kontantar og eit utlån til Havilafjord AS.

I desember 2017, i sak 47/17 Avvikling av F1 Holding AS, vedtok fylkestinget i pkt. 5 at utdelt likvidasjonsoverskot frå selskapet vert tilført ubundne kapitalfond «Fjord1». Omlag 12 mill. kr av fondsavsettinga er knytt til dette.

Omlag 354 mill. kr gjeld siste delbetaling av oppgjeret frå salet av Fjord1-aksjane. I avtalen med Havilafjord AS skulle siste avdrag betalast medio 2020, men med ein opsjon om å gjere opp lånet tidlegare.

Havilafjord AS nytta denne opsjonen, og etter ei forhandlingsrunde kom ein medio desember 2018 til einigheit om vilkåra for innløyising av lånet. I romjula 2018 vart lånet innfridd.

Fylkesrådmannen si vurdering av fondsavsettinga av dette beløpet er at det er i samsvar med fylkestinget sin intensjon, sist stadfesta i vedtaket om budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Her er forventa inntekt i 2020 føreset avsett til fond, for deretter å nyttast som finansiering i investeringsrekneskapen i 2021.

Det er såleis rett at det manglar spesifikke budsjettvedtak på dette i 2018, noko som var uråd å få vedteke gitt tidspunktet dette vart kjent for fylkesrådmannen. Men som vist over har fylkestinget sin intensjon heile vegen vore at desse inntektene skulle avsetjast til fond.

Ei rekneskapsføring slik revisor skriv i revisjonsmeldinga ville medført at investeringsrekneskapen skulle vore gjort opp med eit udisponert beløp på kr 366 314 538,-. Dette skulle så fylkestinget vedteke disponeringa av i denne saka på linje med disponering av resultatet frå driftsrekneskapen.

Det går ikkje eksplisitt fram av revisjonsmeldinga eller kontrollutvalet sin uttale kva endringar/ tiltak som må gjerast for å få godkjent rekneskapen for 2018 slik den ligg føre. Utifrå samtale med revisjonen konkluderer fylkesrådmannen med at vi ved å leggje til eit eige punkt i vedtaket - der fylkestinget eksplisitt godkjenner avsetjinga til fond - bør er ei tilfredsstillande løysing.

Disponering av overskotet frå driftsrekneskapen

Overskotet til fylkeskommunen har variert i storleiken 15 – 58 mill. kr frå 2010–2018. Fylkesrådmannen meiner dette er eit resultat av nøktern budsjettering og god budsjettkontroll.

Bruk/disponering av overskotet; kommunelova § 48 nr 3, fastslår at det er fylkestinget sjølv som vedtek disponering av overskot og ev. dekking av underskot i samband med godkjenning av rekneskapen. Disponeringa av overskotet har i dei seinare åra vore gjort opp med avsetjing til bufferfondet og ev. bruk vert vedteken i tertialrapport pr. 1. tertial det aktuelle år.

I sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020 – 2023 gjorde fellesnemnda (som finansutval for Vestland fylkeskommune) i arbeidsdokument 2/19 den 13. mars 2019 m.a. slikt vedtak;

Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020.

Fellesnemnda ber prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018.

Rekneskapsresultatet for 2018 syner so langt eit overskot i dei to fylkeskommunane på høvesvis;

- 20,8 mill.kr. for Hordaland fylkeskommune
- 56,5 mill.kr. for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Då økonomiplanarbeidet for Vestland fylkeskommune så langt syner store salderingsmessige utfordringar vil fylkesrådmannen følgje oppmodinga frå fellesnemnda.

Eg rår til at overskotet for 2018 på kr 56 505 741,46 vert avsett til bufferfondet og stilt til disposisjon for fellesnemnda sitt økonomiplanarbeid.

Konklusjon

Jf. tilråding til vedtak.